


# INKLUDERANDE BARNEHAGEMILJØ, HANDLINGSPLAN FOR MARIHØNA BARNEHAGE



## Innholdsfortegnelse

Kap. 1 Føremål med planen .....	3
Kap. 2 Førebygging .....	4
Kap. 3 Kva er mobbing.....	6
Kap. 4 Kva gjer vi når vi mistenkjer, oppdagar eller får melding om at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø? .....	7
Kap. 5 Ressursliste .....	9
Referanser .....	10



## **Kap. 1 Føremål med planen**

I Rammplan for barnehagen som kom i 2017, er mobbeomgrepene innført:

***Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Om eit barn opplever å bli krenkt eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp***

(Udir, 2017).

Frå 1.1.21 vart kap VIII i Lov om barnehagen innført som omhandla Psykososialt barnehagemiljø. Der vart det lovfesta at barnehagen skal jobba førebyggjande og mot nulltoleranse av mobbing i barnehagen.

Alle som arbeider i barnehagen har plikt til å sikre at alle barn har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Plikten gjeld og om krenkinga kjem frå ein voksen.

Aktivitetsplikta inneberer:

- følge med
- gripe inn
- melde frå
- undersøkje
- setje i verk tiltak

Denne planen er lokal og har som føremål å ansvarleggjere personalet og settje standarden for arbeidet mot mobbing og krenkelser i Marihøna barnehagen.

### **Hovudmål:**

- Alle barn skal føle seg som ein del av fellesskapet på avdelinga
- Alle barn skal ha nokon å leike med og vere i positivt samspel med andre
- Trygge barn og voksne i eit inkluderande barnehagemiljø!

## Kap. 2 Førebygging

Kjerneverdiane våre ligg til grunn for alt arbeid vi gjer i barnehagen:




### VÅR VISJON: MED DITT BARN I FOKUS!

**Vi er autoritative vaksne, som gir balanse mellom varme/støtte og krav/kontroll.**

- Vi er saman med barna og deltar i leik for å førebyggje mobbing og krenking
- Vi er nær nok til å sjå og høyre slik at mobbing og krenking vert oppdagat
- Vi er aktive, varme og engasjerte
- Vi er tydeleg når negative hendingar oppstår, samstundes som vi rettleiar barna i rett retning
- Vi jobbar proaktiv – med å vere i forkant av situasjonane
- Vi bryr oss
- Vi gir varme responsar og grip inn ovanfor atferd som er negativ
- Vi forsterkar positiv adferd med ros og oppmuntring
- Vi jobbar for eit positivt fokus på barnet som blir mobbet, gi barnet status i gruppa

Dette gjer vi ved blant anna å:

- Fremme barnets interesse/kunnskapsområde
- Fremme barnets identitet (heimland, kultur, eigenskaper og kvalitetar)



Modell: Baumrind,  
1991. Det autoritative  
perspektivet.

## **Styrke barns sosiale og emosjonelle kompetanse**

Emosjonell kompetanse handlar om å forstå eigne og andre sine førelsar.

Det er viktig å bli kjend med og kunne setje ord på eigne førelsar som sinne, å vere lei seg, sakne, glede seg, frustrasjon, usikker m.m. Vi ønsker at barn skal vere trygg på at ingen følelser er feil, men at vi kan bruke dei på ulike måtar. Ved å kunne regulere og handtere eigne førelsar vil barna lettare lykkast i samspelet og i leiken med andre.

Rammeplanen seier at sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungerere godt saman med andre. Emosjonell kompetanse er ein viktig del av den sosiale kompetansen. Barnehagen ønsker å gje barna verktøy for å kunne samhandle med kvarandre. Desse ferdighetene er viktig for at kvart enkelt barn skal trives, vere ein god venn og i positivt samspel med andre. Det å vite korleis ein skal invitere seg sjølv eller andre med i leiken, dele, positivt hevde eigne ønske og behov, men og sette seg inn i andre sitt perspektiv (empati) er noko barna treng å tilegne seg med støtte frå vaksne.

Vi vaksne tenker at vi må støtte, anerkjenne og tolle «å stå i» i dei følsene barna har, for at dei skal kunne føle seg trygg på at det er fint å vere akkurat «meg», få ein god sjølvkjensle.  
(<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/stottemateriell-til-rammeplanen/trivselsveileder/5-Sosial-kompetanse/>)

## **Språk**

Språket er eit av dei viktigaste kommunikasjons verktøya vi bruker som menneske. Vi treng språket for å kunne delta i dagens samfunn, dette gjeld allereie frå barnehagealder.

I barnehagen kommuniserer barn med vaksne og andre barn igjennom dagen. For at ein skal bli forstått i desse møtene må ein ha ein begynnande forståing for korleis ein skal bruke språket sitt. Barn med språkvanskar og/eller med lite språk opplever vansker i desse situasjonane og kan oppleve seg utanfor felleskapet. Dei kan då falle utanfor leik, venneskap og andre aktivitetar i barnehagen.

Som barehagepersonale treng ein å ta dette på alvor og aktivt jobbe for å styrke alle barn si språkutvikling både på liten og stor avdeling. Ein skal sikre at alle barn har mogelegheit til å delta i felleskapet.

## **Styrke barns leikekompetanse**

Barn som leiker saman over tid har mogelegheit for å utvikle vennskap. Kari Pape seier at eit felles vi er viktig, at barna deler fokus og felles opplevelingar er grunnleggande for at vennskap dannes. Ei viktig oppgåve i barnehagen knytt til førebygging av krenking og mobbing, er å bidra til at alle barn kjenner seg betydningsfull for felleskapet gjennom leiken.

Det betyr at personalet i barnehagen vil følgje godt med på at alle barn har nokon å leike med og vere saman, og å hjelpe dei inn i leikefellesskapet.

## Fokus i leiarteamet og i kontakttid med PPT - kontakt

Kvar tysdag har vi leiarmøte, der har barnehagemiljøet fast plass på sakslista. Dersom vi har nye eller pågåande saker med mistanke om at eit eller fleire barn ikkje har eit trygt barnehagemiljø, blir saka tatt opp her.

Kvar månad har vi *Ressursteam* med PPT kontakten vår. Då gjennomgår vi saksgong og tiltak og får rettleiing på dette.

## Førebyggjande arbeid i barnehagen:

- Handlingsplan for eit inkludernade barnehagemiljø
- Kjerneverdiane våre
- God struktur, klare rammer og forutsigbarhet ved avdelingene.
- Oraginisere avdelinga i mindre grupper
- Vi legg tilrette for ei trygg og god overgang mellom «liten»- og «stor» avdeling, ved å nytte våren til å skape relasjonar på tvers av avdelingene.
- Vi tar opp **Inkluderande barnehagemiljø** som tema på foreldremøter.
- Barnesamtaler (PGS- Problemløsning Gjennom Samtaler)
- Nær og god dialog med føresette
- **Steg for steg** – eit program som har til hensikt å redusere impulsiv og aggressiv atferd og auke barna sin sosiale kompetanse.
- **Hele meg** – samlingsmateriell som handler om fysiske kroppen og heile mennesket.
- **Psykologisk førstehjelp- Grønne tanker, glade barn.** Hjelper barn og meistre vanskelege tankar og følelser.
- **Alle med** – Eit observasjonsverktøy, med fokus på samanhengar mellom språkleg- og sosial kompetanse.
- Barn hjelper barn
- Refleksjon og bevisstgjering i personalgruppa
- Bruke dei månadlege kontakttiden med PPT til rettleiing
- Kartlegging av relasjonen mellom personalet og enkeltbarn.
- Jobbe aktivt for å utjamne sosiale skilnader
- Vi fremmer kunnskap og stoltheit for eigen kulturar og religionar

## Kap. 3 Kva er mobbing?

*Mobbing av barn er handlinger fra voksne og/eller barn som hindrer opplevelsen av å høre til, å være en betydningsfull person i fellesskapet og muligheten til medvirkning*  
*(Lund, Helgeland, Kovac, 2017)*

Vi vel å ta utgangspunkt i ei ny mobbefagleg forståing som bygger på ei sosialpsykologisk teoriramme. Denne vektlegg gruppedynamikk. Mobbing handlar om at ein person ekskluderas frå ei gruppe og alle gruppemedlemma deltek i ekskluderinga. Mobbing forstås ikkje som ondsinna handliger utført av aggressive barn som manglar empati, men mobbing kan foregå blant vanlege barn når uvisse om gruppelihøyring aktiveras. Mobbing kan involvere fleire ulike former for handlingar, og her skiljer vi mellom direkte og indirekte mobbing.

## **Kap. 4 Kva gjer vi når vi mistenkjer, oppdagar eller får melding om at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø?**

### **Alle som arbeider i barnehagen skal:**

#### **Følgje med**

- heile personalet har plikt til å følgje med. Styrar har ansvar for at vikarar får tilstrekkeleg informasjon om plikta
- dei vaksne skal delta i leik og aktivitet for å følge med, ikkje berre holde oppsikt frå avstand

#### **Gripe inn**

- gå inn i situasjonar der vi mistenker at eit barn er utrygt, krenka, plaga, utestengd m.m. Ver ein anerkjennande vaksen. Ta kontroll på ein omsorgsfull måte. (Autoritative vaksne) Iwareta alle partar i saka.

- hent hjelp i situasjonen dersom det trengs

- meld frå til nærmeste leiar og søk rettleiing ved behov.

Bruk skjema: *Observasjonsskjema trygt og godt barnehagemiljø*

#### **Varsle**

- pedagogane varslar styrar og fyller ut skjema. Bruk skjema: *Varsel etter Lov om barnehagar*

- øvrige peronal varslar pedagogisk leiar og styrar, fyller ut skjema - i samarbeid ved behov.

Bruk skjema: *Varsel etter Lov om barnehagar*

- varslinga skal skje same dag som saka vert oppdaga eller meldt om og skjema skal fyllast ut innan 24 timer

- styrar har ansvar for å legge skjema i digitalmappe med kopi til tenesteleiar for barnehage

- saka vert tatt opp i barnehagen sitt leiarteam/kontakttid med PPT

#### **Undersøkje**

- pedagogisk leiar har ansvar for å starta undersøkinga innan 48 timer om det gjeld krenking/mobbing av eit barn.

- øvrige personale vert informert og deltek i undersøkinga der det er hensiktsmessig

- undersøkinga skal omhandle alle partar i saka med Barnesamtale, foreldresamtale, ulike observasjonar over fleire dagar.

Hjelpeskjema: *Mal Barnesamtale, Observasjonsskjema*

- undersøkinga skal dokumenterast på hensiktsmessig. Bruk skjema: *Dokumentasjon*

- pedagogisk leiar og styrar vurderer i samarbeid med barnet og foreldra om barnet har eit trygt barnehagemiljø. Dette vert uansett dokumentert i skjema: *Konklusjon etter*

*undersøking § 42* av pedagogisk leiar. Styrar lagrar dokumentet i barnets mappe med kopi til tenesteleiari for barnehage.

- dersom undersøkinga **IKKJE** avdekkja mistanke om brot på retten om trygt og godt barnehagemiljø – vert saka vert avslutta.
- dersom det er avdekkja grunnlag for mistanke– vert det utarbeidd tiltaksplan (sjå neste punkt).

### **Setje inn tiltak**

- styrar har ansvar for at det vert utarbeidd tiltaksplan i samarbeid med pedagogisk leiar.

Bruk skjema: *Tiltaksplan for trygt og godt barnehagemiljø, Marihøna Barnehage eller Aktivitetsplan for eit trygt og godt barnehagemiljø, Alver kommune*

- tiltaksplanen skal utformast så konkret som mogeleg ut i frå resultatet i undersøkinga
- foreldre og barn skal medverke så langt det er mogeleg
- planen skal ha tydeleg dato for evaluering og varigheit. Ny/revidert plan til saka er løyst.
- styrar har ansvar for å legge tiltaksplanen og anna viktig dokumentasjon i barnets mappe.

#### **Tiltaksplan for inkluderande barnehagemiljø, Marihøna Barnehage**

«Plikt til å følgje med, plikt til å melde frå, plikt til å undersøke, **plikt til å setje inn tiltak»** (Prop. 96 L)

Barnehagen sitt arbeid handlar om å systematisk jobbe med barnegruppa for å etablere god gruppedynamikk og eit inkluderande fellesskap, og for å leggja til rette for at det enkelte barn kan oppleve tryggleik og tilhørighet i barnegruppa. Tiltak etter aktivitetsplikta vil ofte handla om denne type arbeid. Systematiske tiltak kan også omfatte tiltak retta særskild mot enkeltbarn.

Mål:				
Tiltak (kva)	Gjennomføring (kven, korleis, kor tid)	Evaluering	Ansvar	Tidsfrist
Slik involverer vi barnet i planen:				
Slik samarbeider vi med foreldra i saka:				

---

stad og dato

---

føresette

---

pedagog

---

styrar

## Kap. 5 Ressursliste

Barnehagen ønsker å ha fokus på inkludering med heile barnegruppa gjennom tema i samlingstund, bøker, songar og kvardagssamtalar gjennom barnehageåret. Der vil vi nytte desse ressursane som utgongspunkt for samtale og refleksjon med barna om generelle og konkrete episodar og hjelpe dei til å sette seg inn i andre sin situasjon.

### Barnebøker:

- «Albert Åberg og vennene hans»
- «Du er for liten, Albert Åberg»
- «Hvem kan redde Albert Åberg?»
- «Den lille muldvarpen på eventyr» Zdeněk Mileš
- «Den lille musa leter etter en venn» Eric Carle
- «Gummitarzan» Ole Lund Kirkegaard
- «Jan og Julia i barnehagen» Margret Rettich
- «Johannes Jensen føler seg annerledes» Henrik Hovland
- «Karsten og Petra er bestevenner» Tor Åge Bringsværd og Anne Holt
- «Mari og Magnus flyttar inn» Ruth Lillegraven og Inger Landsem
- «Mattias er alene» Ingrid Lund og Ane Tollerød Fosse
- «Min venn Molly» Lucy Cousins
- «Petra begynner i barnehagen» Tor Åge Bringsværd og Anne Holt
- «Piggtråd Pelle» Stefan Lundquist og Johan Egerkrans
- «Snipp og Snapp hjelper en venn» Disney
- «Tambar får en ny venn» Tor Åge Bringsværd og Lisa Aisato
- «Venner, uvenner og fremmed» Kaia, Bendik og Trond Brænne og Per Dybvig
- «Kunsten å møte en bjørn» Camilla Otterlei og Jill Moursund
- «Rikki er ikke som alle andre»? Guido Van Genechten

Du finn mange av bøkene i eiga hylle på kontoret, resten kan lånast på Biblioteket.

### Barnesanger:

- Skal vi være venner? - Bjarte Leithaug.
- Eg liker dine store ører - Bjarte Leithaug.
- Vi kan være venner - Super Barna. [www.youtube.no](http://www.youtube.no)
- Du har no` som ingen andre har
- Stopp ikke mobb!
- Venner - Kaptein Sabeltann
- Det er godt å ha nogen
- Bli med sangen/dansen. [www.blime.no](http://www.blime.no)

Tekstane finns i eige sanghefte: Ulike saman, Marihøna bhg 22/23

## Referanser

Gyldendal. (u.d.). <https://barnehage.salaby.no/>.

Idsø, E., & Roland, P. (2017). *Mobbeatferd i barnehagen*. Oslo: Cappelen Damm Akademiske .

Lund, I., Godtfredsen, M., Helgeland, A., Nome, D., Kovac, B., & Cameron, D. L. (2015). *Hele barnet, hele løpet; Mobbing i barnehagen*. Oslo: Nettutgave. Hentet fra <http://www.forebygging.no/global/mobbing%20i%20barnehagen%20rapport.pdf>

Pape, K. (2020). *Lek og inkludering i barnehagen*. Oslo: Kommuneforlaget.

Utdanningsdirektoratet. (2017). *Rammeplan for barnehagen*. Oslo: Utdanningsdirektoratet.